

HAREID KOMMUNE
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.: 08/02612-19

12.02.2024

Ark.: 326.12 BS

Oppstart av namnesak 2024/49 - Engeskaret og Gjerdselva i Hareid kommune

Hareid kommune ber om at Statens kartverk reiser namnesak nokre stadnamn i Hareid kommune, sjå brev datert 31.01.2024 (vedlagt). *Gjerdselva* har status foreslått i Sentralt stadnamnregister (SSR) og er dermed ikkje godkjent for offentleg bruk. *Engeskar(d)et/Engjaskaret* har fleire skrivemåtar i ulike funksjonar.

Skrivemåten *Litle Buhammaren* for ein hammar på grensa til Ulstein er ikkje i samsvar med talemålet. I ein e-post datert 06.02.2024 ønsker kommunen å få tatt inn skrivemåten *Lisjebuhammaren* i namnesaka.

Kartverket sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn. I tillegg til primærnamna tar vi med avleidd namn i saka. Formålet er å få avklart rett skrivemåte for offentleg bruk.

Saka gjeld følgende namn med variantar av skrivemåtar:

Namn	Namneobjekt	Kommentar
Engjaskaret /Engeskaret/ Engaskaret	gard, gnr. 66	Gardsdrifta avvikla 1945, mykje av grunnen er lagt ut til hyttefelt
Engeskaret	bruk, bnr. 66/1	
Engeskarvika	vik i sjø	
Engeskartunnelen	tunnel	Kommunen gjer vedtak (kommunal veg)
Engeskardet	adressenamn	Kommunen gjer vedtak
Gjerdselva	bekk	
Litle Buhammaren/ Lisjebuhammaren	nes i sjø	På grensa mellom Hareid og Ulstein kommune

I www.norgeskart.no kan ein søke opp dei stadnamna som er registrerte i sentralt stadnamnregister (SSR).

Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av naturnamn og nedervde gardsnamn. Før vi gjer vedtak, har kommunen rett til å uttale seg. Eigarar og festarar har rett til å uttale seg om gardsnamn og bruksnamn, og lokale organisasjonar har rett til å uttale seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknytning til.

Etter lova skal skrivemåten fastsetjast med utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen av namnet. Derfor ber vi om at alle som uttalar seg, opplyser kva som er den lokale dialektuttalen. Dersom namnet blir uttalt på ulike måtar, ber vi om å få opplyst dei forskjellige uttaleformene.

Normeringsprinsipp

I tillegg til å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, skal ein som hovudregel følge gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn, jf. § 4 første ledd i lov om stadnamn. Skrivemåten skal vere praktisk og ikkje skygge for meiningsinnhaldet i namnet. I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte føresegner om korleis stadnamn skal normerast.

Skrivemåten av primærnamnet vil normalt vere retningsgjevande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. for adressenamn som er avleidde av namnet, jf. § 4 tredje ledd i lova. Kommunen må derfor vente med å gjere vedtak på avleidde namn til det er gjort vedtak om skrivemåten av primærnamnet og ta omsyn til den vedtekne skrivemåten av primærnamnet når dei skal gjere vedtak.

Bruksnamn

Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vere retningsgjevande for skrivemåten av bruksnamn som er identiske med gardsnamnet. Men etter § 5 tredje ledd i lov om stadnamn har eigaren rett til å fastsette ein annan skrivemåte av namnet på eige bruk enn den som følger av § 4. Føresetnaden er at eigaren kan dokumentere at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.). I så fall må eigaren sende krav til Kartverket og legge ved slik dokumentasjon. Kartverket er formelt vedtaksorgan også for skrivemåten av bruksnamn fastsette av eigaren.

Meir informasjon om namna i saken

Kommunen har sendt mykje dokumentasjon om namna i saken, sjå vedlegg. Kartverket har supplert med informasjon frå andre kjelder.

Engjaskaret/Engeskaret/Engeskardet

Primærnamnet er eit opphaveleg gardsnamn. Gardsdrifta vart lagt ned i 1945, og mykje av marka er i dag stykka ut til hytteområde.

Uttalen er æ`ngjaskare etter Norske Gaardnavne, *engjeska:re* etter stadnamninnsamlinga i fylkesatlas (kolon markerer lang vokal).

Skriftlege former:

- Eldre skrivemåtar etter NG er *Engeschor* 1603 og *Engeschar* 1617, 1666 og 1723.
- Matrikkelen nyttar skrivemåten *Engeskaret* frå 1886 til i dag.
- *Engjaskaret* er prioritert form i SSR.
- Eldre kart har *Engeskar*, t.d. amtskart frå 1884 til 1952. Økonomisk kart frå 1965 skriv *Engeskaret*. Noreg 1:50 000 frå 1972 har *Engeskardet*, utgåvene frå 1992 og 2009 har *Engjaskaret*.
- Bygdeboka skriv *Engeskaret* (band 6 s. 250).
- Kommunen har fastsett *Engeskardet* som adressenamn, men finn ikkje noko vedtak.
- I samband med ein gjennomgang av namn på tettbygde område som Kartverket tok initiativ til, gjekk namnenemnda inn for skrivemåten *Engjeskaret* (9.2.2012). Dette var ikkje i samsvar med planregisteret, som har *Engeskardet hyttefelt*.

Skrivemåten *skar* er nytta i alle andre namn i Hareid og Ulstein.

Gjerdselva

Namnet *Gjerdselva* er registrert i sentralt stadnamnregister med status foreslått. Foreslegne namn har ikkje offisiell status og blir ikkje teikna ut på kart.

Namnet vart handsama av namnenemnda i samband med ei adressenamnsak i 2013. *Kvisla* var ei tid nytta som vegnamn, men namnenemnda peika på at *Kvisla* er utan lokalt rotfeste. Elva som truleg ligg til grunn for adressenamnet heiter *Gjerdselva*. Frå Brekkane ned til sjøen heiter ho *Drammenselva*, ifølge namnenemnda. Denne delen ligg no i røyr. Namnenemnda konkluderer at elva bør heite *Gjerdselva* heile vegen.

Bygdeboka stadfester at elva heiter *Gjerdselva*, uttala *jærselva* (band 5 s. 462 og 463).

Stadnamntenesta for Vestlandet skriv i 2013 at dei ikkje har merknader til skrivemåten *Gjerdselva*, men tilrår ei offentleg høyring.

Litle Buhammaren

Ved Litle Buhammaren/ Lisjebuhammaren går grensa mellom Ulstein og Hareid i nord. Namnet har vore feilplassert på kart, men no er koordinatane registrert på grensa.

- Stadnamninnsamlinga i Fylkesatlas har uttaleforma *lişşebu:hamm'areŋ* (ş står for sj-lyd)
- *Litle Buhammaren* er skrivemåten i SSR, med eldre sjøkart som kjelde.
- Grenseoppgang mellom Flø og Brandal frå 1863 skriv *Lillebuhammer* (etter avskrift frå Håkon Johan Eliassen).

Skrivemåten *Lisje-* er allereie tilrådd og vedteke i namnet *Lisjebroren* på grensa mellom Hareid og Ulstein. Språkrådet skriv: «Skrivemåten *lisje* må reknast som ei regional form som etter reglane kan nyttast på linje med rettskrivingsformene *litle* og *lille*.» Termen *regional samleform* er forklart i *Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn*.

På dette grunnlaget kan Kartverket gjere samlevedtak om skrivemåten *lisje* i alle namn i eit område som inneheld dette namneleddet. Det gjeld 9 namn i Hareid og 16 namn i Ulstein i tillegg til Lisjebuhammaren. Kommunane kan ta kontakt med Kartverket viss dei ønsker samlevedtak.

Vidare saksgang

Kommunen har ansvaret for å kunngjere at namnesaka er reist, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine. Kommunen har òg ansvaret for å hente inn og samordne dei lokale høyringssvara. Dei skal sendast til *Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo (post@sprakradet.no)*, med kopi til Kartverket. Språkrådet vil så gi endeleg tilråding til Kartverket. Kvar av partane (inkl. kommunen) har to månader på seg til å gi høyringssvar frå dei mottek brevet.

For opplysningar om saksgang, kontakt Kartverket på telefon 32 11 80 00. For namnefaglege spørsmål, kontakt Språkrådet på telefon 22 54 19 50.

Med venleg helsing

Helge Dønvold
seksjonssjef

Berit Sandnes
stadnamnansvarleg

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Lenker: [Lov om stadnamn](#)
[Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)

Vedlegg: Brev frå Hareid kommune, datert 31.01.2024

Kopi
SPRÅKRÅDET
ULSTEIN KOMMUNE
Anita Sundnes, ULSTEIN KOMMUNE
Kristoffer Hagen, HAREID KOMMUNE



Statens Kartverk
Postboks 600 Sentrum
3507 HØNEFOSS

Vår referanse
24/210 24/1066

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Kristoffer Hagen

Dato
31.01.2024

Namnesak Engeskardet og Gjerdselva

Viser til telefonsamtale med Berit Sandnes, 31.01.2024.

Hareid kommune ønsker å reise primærnamnsak på namna Engeskardet og Gjerdselva.

Ang. Engeskardet:

I møte i namnenemnda 25. mai 2023 vart administrasjonen bedne om å ta opp dei ulike namna som brukast på området rundt tunnelen på Almevegen.

I sentralt stadnamnregister (SSR) som brukast i kartet er nytta fleire namn:

- **Engeskartunnelen** (tunnel, skrivemåtestatus: godkjent og prioritert)
- **Engeskardet** (adressenamn, skrivemåtestatus: vedteke)
- **Engjaskaret** (gard, skrivemåtestatus: godkjent og prioritert)
- **Engeskaret** (gard, skrivemåtestatus: godkjent, ikkje prioritert)
- **Engeskarvika** (vik i sjø, skrivemåtestatus: godkjent og prioritert)

I SSR er det oppgjett at namnet **Engeskardet** er vedteke av kommunen. Etter grundige søk i kommunens arkiv er det ikkje funne dokumentasjon på dette vedtaket. Det er under arbeidet funne dokumentasjon på vedtak for alle andre adressenamn i kommunen, men altså ikkje for **Engeskardet**.

Namnet på hyttefeltet er tidlegare handsama i namnenemnda 9. februar 2012. I denne saka bad Statens kartverk om avklaring av stadnamn på fleire bustad- og hyttefelt i kommunen. Nemnda tilrådde skrivemåten **Engjaskaret**. Grunngevinga til nemnda var at dette namnet var namnet på reguleringsplan for området. Dette stemmer ikkje med kommunens planregister, der namnet på planen heilt sidan 1991 er "**Engeskardet hyttefelt**".

Det er i arbeidet i denne saka ikkje funne andre kjelder til at **Engjaskaret** var i offentleg bruk før stadnamnlova trådde i kraft, 1. juli 1997.

I historiske kart er namna **Engaskar** og **Engaskard** nytta.

Døme:

- **Engeskar**
Museumskart 99: Speciel Kaart over en Deel af den Norske Kyst indbefattende den Nordre Deel av Søndmørs Fogderie (1790)
Romsdals amt nr 23a: Kart over Søndmøre Bataillons Udskrivningsdistrict (1872)
Kart over Romsdals Amt (1884)
Romsdals amt nr 34-3: Skolekart - Møre Fylke (1926)
- **Engeskard**
Romsdals amt nr 21a: Kart over Romsdals Amt (1844)

Ang. Gjerdselva

Som diskutert på telefon ligg namnet Gjerdselva i SSR med status foreslått og at kommunen i 2013 var i kontakt med stadnamntenesta for å avklare korleis ein skulle gå frem.

Utdrag av saksframlegg til sak PS 59/13 i formannskapet 22.04.2013:

«

Vegnamnet Kvisla

På bakgrunn av fleire innlegg i lokalavisa om dette namnet, ville nemnda ta saka opp til drøfting. Nemnda orienterte seg om dei ulike innspela som var komne på prent i lokalavisa, der fleire meinte at elva, som renn langsmed vegen og som sannsynleg har vore grunnlaget for namnevalet for vegen, aldri har hatt namnet Kvisla og at vegen soleis burde få eit anna namn.

Det vart referert til Olav O. Dimmen som trudde elva heitte Gjerdselva, Roger Korsnes og Rolf Moldenes som aldri hørde om Kvisla i oppveksten, Gudrun Hareide som refererer til Endre Hareide, Rasmus Grimstad, Tormod Hovlid og Johannes G Hareide, som seier at det aldri har heitt Kvisla i dette området. Ho spør vidare om diskusjonen om vegnamnet Kvisla er avslutta (Vikebladet 17/11.2012). Viss ikkje, vil ho foreslå at nokon burde kome med forslag til eit anna namn.

Nemnda meiner at namnet Kvisla er utan rotfeste i lokal historie i dette området; namnet er ei nyskaping. Det er relativt få som har dette vegnamnet som si adresse, og namnet er enno ikkje skikkeleg innarbeidd i området. Namnenemnda var einige om at namnet Kvisla går ut som namn på elva som øvst oppe heiter Gjerdselva og renn ned til Brekkane. Frå Brekkane og vidare nedover heiter elva Drammenselva, heilt ned til sjøen.

På denne bakgrunn vil nemnda tilrå at vegnamnet, som no er Kvisla, vert teke vekk.

Nemnda tilrårde i første offentlege høyringa at namn på vegen, frå Kjøpmannsgata og opp til endes byggefeltet Teigane, vart Teigane. Teigane-namnet er allereie inne som vegnamn i byggefeltet på Teigane, det var naturleg at Teigane-namnet fortset nedover til sjøen og overtek den vegen som no heiter Kvisla. Garden Teigane får på denne måten forsterka sin sentrale historiske plass i Hareid, samstundes som vegnamnet reflekterer at vegen frå sentrum fører til Teigane.

I høyringa kom det ein merknad frå Bjørn Harald Harkjerr, datert 02.01.2013. Merknaden tok for seg namna Gjerdselva, Drammenselva, Finsgardselva og Teigeelva; han går inn for å kalle vassdraget Gjerdselva, frå fjellet og heilt til sjøs. Når det gjeld namnet på gata, meiner han den bør heite Finsgardvegen opp til sjukeheimen, då det ikkje er meining i at dei som bur på Finsgardmarka bak Spar skal ha adresse Teigane.

Namnenemnda drøfta vidare kva vegnamn ein burde erstatte vegnamnet Kvisla med. Namnet Teigane var foreslege tidlegare, det namnet var også ute til offentlig høyring. I denne høyringa kom det innspel som gjorde at nemnda ville vurdere å bruke det namnet som no er på ein gangveg i området; Teigevegen. Etter det adressemyndet opplyser, er det ikkje pålagt å ha namn på gangveg, og gangveg er heller ikkje adresse for bustader. Adressemyndet meiner at det er ei kurant sak å ta namnet frå gangvegen og gje det til adresseparsellen som no heiter Kvisla.

Med dette som bakgrunn samla nemnda seg om tilrådinga til formannskapet om å endre namnet på adresseparsellen Kvisla til Teigevegen.

Om ein tek namnet frå gangvegen og gir til ein adresseparsell, så diskuterte nemnda behovet for nytt namn på gangvegen. Det er ikkje eit krav å ha namn på gangveg, men nemnda drøfta om gangvegen skulle få namnet Teigeråsa, då Teige-namnet var innarbeidd på denne gangvegen.

Merknaden frå kommunen si Plan- og utviklingsavdeling, datert 18.01.2013, streka under at det er adressemynde (Plan og utvikling/byggesak/geodata) som skal lage adresseparsellane som så namnenemnda skal foreslå namn for. Merknaden tek utgangspunkt i at vegen Kvisla i reguleringsplanen for Håbakk-Hovlid-Teigane skulle gå frå sentrum og opp på Teigane og dreie på skrå nordvestover, over Andre Gjerde sin eigedom i framtida. Difor er Kvisla ein adresseparsell og vegen Teigane i byggefeltet på Teigane ein annan adresseparsell. Vidare er det nemnt i brevet at namnenemnda har gjort feil i sakshandsaminga då adressemynda ikkje er spurt om å slå saman adresseparsellane. Brevet tek også opp det arbeid adresseendingar medfører for den enkelte bebuar og for kommunen og den kostnad dette fører med seg. Til slutt har planavdelinga ein kommentar til namneforslaget; at namnet Teigane indikerer at vegen i si heilheit ligg på Teigane. Om ein kallar vegen Teigevegen og liknande, då indikerer det at vegen går mot Teigane.

Kommentaren frå Andre Gjerde, datert 11.02.2013, går på uttalen i merknaden frå Plan og utviklingsavdelinga om at vegen er tenkt å gå inn på hans eigedom i framtida (sjå vedlegg).

Namnenemnda kontakta planavdelinga for å få ei ny vurdering av samanslåing av gjeldande adresseparsellar, og om ei vurdering om bruk av eksisterande namn på gangveg Teigevegen på gjeldande adresseparsell.

Det vart også synt til eit oppslag i Vikebladet om denne saka, basert på skrivet frå Plan og utviklingsavdelinga. Nemnda skulle forfatte eit svar med korrigerande kommentarar. (Dette svaret stod i lokalavisa laurdag 2. februar 2013).

Nemnda drøfta kva namn ein kunne bruke på adresseparsellen Kvisla; kan ein ta namnet Teigevegen frå gangvegen med same namn, og gje den eit nytt namn? T d Teigeråsa?

Nemnda konkluderte med fylgjande innstilling til vedtak:

- at elva bør heite Gjerdselva på heile strekninga
- at namn på adresseparsellen Kvisla vert endra til Teigevegen
- at gangvegen, som no har namnet Teigevegen, får nytt namn; Teigeråsa.

...

Namnenemnda fremjar ikkje i denne omgang forslag om å endre namn på elva som renn frå Gjerde via Brekkane og ned langs Kvisla til sjøen.»

Med helsing

Cecilie Breiteig Liavaag
einingsleiar

Kristoffer Hagen
geomatikkingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Mottakar			
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Hareid kommune	www.hareid.kommune.no	Sentralbord:	70 09 50 00
Rådhusplassen 5	postmottak@hareid.kommune.no	Org. nr:	964 979 278
6060 Hareid		Kontonr:	4093.07.00195

Kopi til
Statens kartverk

Vedlegg

Innkalling møte namnenemnda 09.02.2012.doc

Vedlegg 1 Namn på tettbebyggelse i hareid kommune.pdf

Referat møte i namnenemnda 9. februar 2012.doc

OM NAMN PÅ TETTSTADER I HAREID KOMMUNE.doc

Eit elvenamn i Hareid kommune

Endra vegnamn i Hareid

KOPPI